



KYSTVERKET

Statsforvalteren i Vestland
Statens hus, Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref
2021/3747-48

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
04.08.2023

Fråsegn med innsigelse til 3. gongs avgrensa høyring og offentlig ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland - Vestland fylke

Kystverket syner til offentlig ettersyn av 3.gongshøyring av interkommunal plan for sjøareal i region Nordhordland, datert 26.6.2023.

Kystverket syner til våre tidlegare motsegn til IKP for sjøareal i Region Nordhordland, datert 23.11.2022 og 15.12.22, og motsegn til 2.gongshøyring datert 20.4.2023. Vi legg til grunn at saka er kjent.

Kystverket opprettheld si motsegn til areal til akvakultur ved Hjeltevarden i Fedje kommune.

Kystverket ser seg og nøydt til å fremje motsegn mot nytt og utvida område nord for Hisarøyna i Gulen kommune då det går føre eit arbeid med ny farlei i dette området.

Kystverket har fleire faglege råd til areal akvakultur i 3.gongshøyringa

Motsegn

Hjeltevarden

Kystverket opprettheld motsegna mot areal til akvakultur ved Hjeltevarden i Fedje kommune. Vi syner til vår grunngeving i tidlegare brev til 1.gongshøyring datert 23.11.2022 og 15.12.22, og motsegn til 2.gongshøyring datert 20.4.2023 (vedlagt).


Hisarøyna

Det er nyleg satt i gang eit arbeid med å utreie ny farlei i området mellom Eivindvik og Nårå som passerer via Nyhammersundet, mellom Lyngholmen og Monsholmen og over Sognesjøen. Denne leia er særleg viktig i dårleg vær.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Kartskisse:




I våre tidlegare fråsegn gjekk ikkje Kystverket til motsegn mot ny akvakulturlokalitet nord for Hisarøyna, men vi oppmoda til å avklara bruken opp mot lokal farlei. Viser til vårt brev datert 15.12.2022:

«Kystverket fremmer ikkje motsegn til forslaga om nye akvakulturområder nord for Hisøya, men rår til at kommunen avklarar arealbruken med lokale selskap som trafikkerer området med passasjertrafikk slik at forslaga kan justerast for å koma fleire interesser i møte».

Passasjertrafikk i tidsrommet september- oktober 2022:



Vi ser oss difor nøydte til å fremje motsegn til akvakulturområdet nord for Hisarøyna fram til det ligg føre ei arealavklaringa som sikrar trygg og forsvarleg ferdsel i farvatnet ved planlagt areal til akvakultur nord for Hisarøyna.



Syner til vårt brev datert 15.12.2022 med nærare grunngjeving.

Faglege råd

Nytt areal til akvakultur ved Senoksen:

Areal til akvakultur ved Senoksen var med i 1.gongshøyringa, tatt ut i 2.gongshøyring og er nå tatt inn igjen i 3.gongshøyringa.

Kystverket syner til faglege råd til 1.gongshøyringa for dette området:

f) Areal til akvakultur ved Senoksen må ha god avstand til kvit sektor (minimum 100 m) på grunn trafikkbildet og høg skipstrafikk. Det vil bli stilt krav om at tiltak, som til dømes fôrflåten, ikkje kan overskride 10 meter ved HAT.


Grunngjeving: I Fedjefjorden i Austrheim kommune er det planlagt ein ny akvakulturområde ved fyrlykta Senoksen (ref. nr. 4632-148-1). Nytt område til akvakultur ser ut til å koma i grøn og raud sektor på sørsida av fyrlykta. Etablering av anlegg her må ha god avstand til kvit sektor (minimum 100 m) på grunn skipstrafikken og trafikkbilde. Det er kryssande bileier vest og nord av Senoksen, samt ei trafikkert hovudlei vest i Fedjefjorden. Lyshøgda frå lykta er på 16 meter, og det vil bli stilt krav om at tiltak, som til dømes fôrflåten, ikkje kan overskride 10 meter ved HAT. Dette gjeld sjølv om tiltaket ligg i grøn eller raud sektor.

Vi syner til havne- og farvannslova §10 første ledd:


«Navigasjonsinnretninger og farvannsskilt skal ikke utsettes for handlinger som kan føre til at de ikke virker som de skal, blant annet ved fortøyning i eller fjerning, flytting, endring eller tildekking av navigasjonsinnretningen eller farvannsskiltet.

Justert areal til akvakulturområdet 30559 Øksneset

2.gangs høyring



3.gangshøyring



Justert areal til akvakultur i 3.gongs høyringa er monaleg større enn i tidlegare høyringar. Kystverket har etterspurt sosi-fil for justert areal, men grunna ferieavvikling i kommunen har vi ikkje mottatt dette.

Utvidinga av areal til akvakultur er uheldig for skipstrafikken, då det er fleire skjær og grunner i sør i og vest for eksisterande lokalitet. Skipstrafikken til og frå Årâsvågen må passere nordaust for eksisterande lokalitet og areal til akvakultur i 3.gongshøyringa snevvar inn farvatnet for større fartøy. Dette er særâs uheldig om det er planar om sjøretta næring lengre inne i Årâsvågen

Kystverket sitt fagleg råd er å justere inn arealet i NØ for å få betre passasje for skipstrafikken forbi anlegget. Dette er særleg viktig om det er planer for etablering av verksemd/hamn lengre inn i Årsvågen.

Andre innspel

Kombinert formål

I 3.gongshøyringa er det nytta kombinert formål rundt areal til akvakultur for å viser avsett område for fortøyning av eit anlegg.

Vi syner til KMD sin rettleiar «Planlegging i sjøområda» mai 2020 med døme på føresegn:

«I områder for kombinerte formål er fortøyninger for akvakulturanlegg tillatt, øvrig anlegg er ikke tillatt.

I kombinert formål er det tillatt med utlegging av fortøyninger til havbruksnæring.

Fortøyningene må ligge minimum 25 meter under gjennomsnittlig havnivå og ikke være til hinder for farledene og merkesystemet i farvannet. Fortøyningene inn mot land må ligge minimum 2 meter under laveste lavvann. Det er ikke tillatt med utvidelser eller nyetablering av akvakulturanlegg utover fortøyninger innenfor formålet.»

Vårt faglege råd er å ta dette med i føresegn 3.1.12 om kombinerte føremål i sjø.

Farleier og seglingssektorar

Det er fleire areal til akvakultur som kjem ut i kvit seglingssektor (som syner reint farvatn for skipstrafikken) eller nært opp til kvit sektor. Om dette kan godkjennast kjem ann på trafikkettleik og trafikkbilde i området og må avklarast i den vidare sakshandsaminga i lokalitetsklareringa. Det kan ikkje reknast med å få løyve etter havne- og farvannslova om tiltaket kjem i konflikt med tryggleiken og framkomma i farvatnet.

Vi syner til havne- og farvannslova §10 første ledd:

«Navigasjonsinnretninger og farvannsskilt skal ikke utsettes for handlinger som kan føre til at de ikke virker som de skal, blant annet ved fortøyning i eller fjerning, flytting, endring eller tildekking av navigasjonsinnretningen eller farvannsskiltet.

Det har diverre ikkje vore tid å gjennomgå alle akvakulturområda opp mot seglingssektorane i 3.gongshøyringa, men døme på ei slik problemstilling er Otterholmane (4631-133-3).

3.gongshøyring datert 23.6.2023 vart mottatt i ferieavviklinga, og det har ikkje vore rå å halde 14 dagars fristen for å sende nye motsegn til Statsforvaltaren. Sjølv om høyringa er avgrensa er det ein omfattande plan med sjøareal for 8 kommunar. Det har ikkje vore tid til å kommentera alle innspela innan frist for å sende nye motsegn til Statsforvaltaren. Vi må difor ta atterhald om manglar i dette fråsegn.

Med helsing

Marie Gisetstad Andersen
Fung. avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet
REGION NORDHORDLAND IKS

Postboks 185 Sentrum
Kvassnesvegen 23

5804 BERGEN
5914 ISDALSTØ

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Motsegn til 2. gongs høyring og offentlig ettersyn - Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland - Vestland fylke
- 2 Fråsegn til Interkommunalplan for sjøområdene i Nordhordland - Vestland fylke
- 3 Motsegn til Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland - Vestland fylke
- 4 Begjæring om omgjøring av endelig vedtak i klagesak - søknad om tillatelse til etablering av oppdrettsanlegg
- 5 Tilbakemelding vedrørende akvakultur - Fedje kommune - Vestland fylke